

Siste fredagsband klart for Festidalen

17.07.2007

No er det siste bandet i fredagsprogrammet (3. august) for Festidalen 2007 klart. Det er årets vinnar av Eggstockfestivalen, Of No Consequence frå Bergensområdet.

Det blir skildra som ungt, lovande, nyskapande, hardtslåande og kompromisslaust! Det fører Metallic og Iron Maiden-tradisjonane vidare med tung, men melodios musikk.

Same kvelden spelar også Black Debatth, som har røter i god, gamal 70-talsrock. Festivalkomiteen er ikkje snauare enn at den trur dette er landets beste liveband for tida. Det legg seg også på ein svært aktuell profil – det skal opptre med låta "Problemer innad i Høgre"!

Frå Japan kjem bandet Electric EEL Shock, som har beinhard rock på repertoaret og har Black Sabbath og Van Halen som sine favorittar. Det blir og sagt at dette er Japan sitt svar på Turboneger, som er laurdagskveldens store attraksjon på Festidalen.

Band nummer fire den første festalkvelden er det lokale Wave, som blir stadig tøffare.